**Oppfølgingsliste 5/2019**

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 38/18 | FR Musea i Sogn og Fjordane – oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18 | 06/09 | | Vedtak:<br>1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen og Musea i Sogn og Fjordane vert tekne til vitande.<br>2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av punkt 3 og 4 til å vere i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 3/18.<br>3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tydlegare tilbakemelding på punkt 1 og 2 i fylkestingsvedtaket.<br>**AVSLUTTA** |
| 47/18 | FR – Utdannings- og yrkesrådgjeving i vgs-rapport | 20/11 | Juni 2019 | Vedtak:<br>**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<br>1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.<br>2. Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtaler på initiativ frå rådgjevar.<br>3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetringar knytt til utdannings og yrkesrettleiinga kan følgjast opp. Under dette:<br>a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | faget yrkesfagleg fordjuping<br>b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod<br>c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3<br>d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag<br><br>4. Vurdere om og korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.<br><br>5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.<br><br>6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.<br><br>Fylkestinget behandla rapporten og vedtok tilrådinga frå KU med endring av ordet utplassering til arbeidspraksis i pkt. 2.3a, og endring av pkt 2.4 til Sikre at næringslivet, kommunane, vidaregåande skular og rådgjevarane samarbeider og informerer om yrke- og utdanning etter ein heilskapleg plan frå 8.-13. trinnet.<br>**AVSLUTTA** |
| 14/19 | FR – HMT og inkluderande arbeidsliv - rapport | 1/04 | | Vedtak - Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<br>a. Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare<br>b. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde<br>c. Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak:<br>i. Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar<br>ii. Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar<br>iii. Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regleverk og organisering<br>iv. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval<br>v. Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring<br>1. I høve vald og truslar om vald |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 2. Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast<br>3. Verneombod og leiarar<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune<br>a. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering<br>b. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval<br>c. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar<br>d. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene<br>4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet<br><br>Fylkestinget vedtok KU si tilråding med tillegg av eit nytt pkt. 2c VI i FT-sak 1/19. Pkt 2c VI - Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at frikjøpsordninga blir vurdert. Dette for at vernetenesta skal kunne ivareta si rolle. |
| 25/19 | Trivselshagen IKS – FR - Prosjektplan | 7/5 | | Vedtak:<br>1. Prosjektplanen vert godkjent som framlagd<br>2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon seinast 16. september 2019<br>**AVSLUTTA** |
| 31/19 | Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 28.05.2019 | 28.05 | | Vedtak:<br>1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | a. FR Trivselshagen IKS<br><br>*Deloitte har mottatt førespørsel frå styreleiar om utsetting av fristar for tilbakemelding i samband med denne forvaltningsrevisjonen, noko som vart tatt opp med kontrollutvalsleiar og kontrollsjef. Leiar i utvalet i samråd med kontrollsjef ga tilbakemelding til revisor om at ein ynskjer å gjennomføre prosjektet innan opphavleg frist.*<br>**AVSLUTTA** |
| 38/19 | Forhandlingsprosess melom BKK og Sogn og Fjordane fk | 28/6 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å utforme spørsmål og problemstillingar til fylkesrådmannen basert på saksframlegget og innspel i møtet.<br>2. Kontrollsjefen blir bedt om å utarbeide tilleggsspørsmål, som eventuelt kan stillast til andre aktørar, der dette er nødvendig.<br>3. Kontrollsjefen får mandat til å gjere eigne vurderingar og engasjere ekstern kompetanse der dette er føremålstenleg.<br>4. Kontrollutvalet ber om ei sak med forslag til vidare prosess. |
| 39/19 | Skriv, meldingar, orienteringar kontrollutvalet 2.9.19 | 2/9 | | Vedtak:<br>1. Orientering om status i arbeidet med regionreforma v/Prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune Rune Haugsdal<br><br>*Prosjektleiar orienterte om status i arbeidet med etableringa av Vestland fylkeskommune. Det vart også fokusert på utfordringar framover. Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>2. Artikkel i NRK 20. august 2019 om dei nye bompengeselskapa<br><br>*Pengebruken i offentleg eigde bompengeselskap vart diskutert på bakgrunn av medieoppslag og NRK si kontakt mot kontrollutvalsleiar i Hordaland* |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| | | | | *fylkeskommune. Kontrollutvala diskuterte seg fram til eit vedtakstekst, som begge utvala fekk til behandling i sine respektive møte.*<br><br>***Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde slikt samrøystes vedtak i saka:***<br><br>*1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, saman med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan på gjennomføring av ein selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS.*<br>*2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*<br>*3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet innan 13.09.19.*<br>*4. Leiar i kontrollutvalet får fullmakt, i samråd med sekretariatet, til å godkjenne prosjektplanen.*<br>*5. Dei andre eigarane vert orientert om at selskapskontrollen vert sett i gang og invitert til å delta.*<br><br>3. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte,<br>a. FR Trivselshagen IKS |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *Prosjektet er i god gang. Det er gjennomført intervju. Rapport vert sendt til verifisering/høyring i løpet av kort tid. Det er etter planen eit mål å verte ferdig med rapporten innan 16. september. Den kan bli forseinka. Deloitte vil ta kontakt med kontrollsjef for å finne ei god løysing for å få saka klar til neste møte i kontrollutvalet, som er 1. oktober.*<br>**AVSLUTTA**<br>4. Revisjonsplan finansiell revisjon v/SF revisjon IKS<br><br>*Dette punktet vart utsett til neste møte*<br><br>5. Informasjon frå FKT (19/5278)<br>a. Att. Sekretariat og kontrollutvalg i sammenslåingskommuner – videreføring av medlemskapet<br><br>*Informasjonen vart teken til vitande*<br>**AVSLUTTA**<br>b. Valg av kontrollutvalg for perioden 2019 – 2023<br><br>*Informasjonen vart teken til vitande*<br>**AVSLUTTA**<br>6. Informasjon frå NKRF<br>a. eINFO 19/5 – Folkevalgtopplæring etter lokalvalget<br><br>*Informasjonen vart teken til vitande*<br>**AVSLUTTA**<br>Orientering frå kontrollutvalsleiar og kontrollsjef<br><br>*Kontrollsjef orienterte om status i arbeidet* |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *med saken om kontrollhandlingar rundt* forhandlingsprosessen mellom BKK og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Status vart teken til vitande.<br><br>Vedtaket i pkt. 2 vart sendt til Deloitte AS i etterkant av møtet. |
| 40/19 | Kontroll av reiserekningar på politisk nivå | 2/9 | | Vedtak:<br>**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**<br><br>1. Fylkestinget tek rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at:<br>a. Program, invitasjon og andre forklarande dokument skal leggjast ved under opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i startskjermbiletet i reiserekningssystemet (første skjermbilete)<br>b. Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i sluttskjermbiletet<br>4. Tiltaka 3a og 3b vert innført og presisert for alle brukarar av reiserekningssystemet i dagens fylkeskommune<br><br>Vedtaket vart sendet til vidare behandling i fylkestinget 8. oktober. |
| 41/19 | Budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2020 | 2/9 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettframlegga for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2020 slik dei ligg føre. |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 2. Dei endelege budsjettforslaga vert å sende prosjektrådmann for vidare handsaming.<br>Vedtaket m/budsjettframlegg vart sendt prosjektleiar for Vestland fk og fylkesrådmann i Hordaland fk og Sogn og Fjordane fk i etterkant av møtet.<br>**AVSLUTTA** |
| 42/19 | Reglement for kontrollutvalet | 2/9 | | Vedtak:<br>**Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**<br>1. Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.<br>2. Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka**.**<br>Vedtaket vart sendt SEKO i etterkant av møtet.<br>Fellesnemnda vedtok samrøystes kontrollutvala si tilråding i møte 18.09.19<br>**AVSLUTTA** |
| 43/19 | FR – Musea i Sogn og Fjordane – oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18 | 2/9 | | Vedtak:<br>1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen 22. august 2019 vert tekne til vitande<br>2. Kontrollutvalet vurderer med dette forvaltningsrevisjon av musea i Sogn og Fjordane til å vere ferdig oppfølgt<br>Vedtaket vart sendt frm i etterkant av møtet.<br>**AVSLUTTA** |
| 44/19 | FR – Utdannings- og yrkesrådgjeving i vgs – oppfølging av vedtak i FT-sak 45/18 | 2/9 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek fylkesrådmannen sitt notat som viser at oppfølgingspunkta i fylkestinget sitt vedtak i sak 45/18 er gjennomført, til vitande<br>3. Kontrollutvalet vurderer med dette forvaltningsrevisjonen av utdannings- |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule til å vere ferdig oppfølgt<br>Vedtaket vart sendt frm i etterkant av møtet.<br>**AVSLUTTA** |
| 45/19 | Oppfølging av arbeidet i kontrollutvalet 2. september 2019 | 2/9 | | Vedtak:<br>1. Oppfølgingsliste 5 – 2019 vert teken til vitande<br>**AVSLUTTA** |
| 46/19 | Val av revisor for Vestland fylkeskommune – Tilråding frå kontrollutvalet | 2/9 | | Vedtak:<br>**Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**<br>1. Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.<br>Vedtaket vart sendt SEKO i etterkant av møtet<br>Fellesnemnda vedtok samrøystes kontrollutvala si tilråding i møte 18.09.19<br>**AVSLUTTA** |

Oppdatert 19.7.19